## Aktivitetsplan 2018/2019

| Tidspunkt | Type arrangement | Komité |
|---|---|---|
| Laur 8. des. 13.30 | Måløyspeling | Styret |
| Søn 16. des. kl 17.00 | Julekonsert | Styret |
| Fre 28. des | Juletrefest | Gravdalgruppa m. fleire. |
| **2019** | | |
| Fre, - søn 4.–6. jan | Øvingshelg | Styret |
| Laur 12. jan | Nyttårskonsert. | **Johanne**, Jonathan, Tor Åge, Lisbeth, Sølvi, Petter. |
| Laur 12. jan | Årsfest | **Reidunn**, Ola V, Marthe, Siv, |
| Søn 3. mar kl 17.00 | Kyrkjekonsert | Styret, + noteutval |
| Tir 12. mar kl 20.30 | Årsmøte | Styret |
| Laur–søn 23-24 mar | Brass Brothers | **Sølvi** + styret |
| aur 6. apr | Defilering | Turnstevne Styret |
| Fre 17. mai | Marsjering | Styret |
| Laur 25. mai | Defilering | Songarstevne Styret |

*Første person i kvar komitéen kallar inn sin komité så snart råd*
*Første person i kvar komitéen kallar inn sin komité så snart råd er etter årsmøtet.*
*Samarbeider med noteutvalet.*

# JULETREFEST
## i Gravdal skule
## Fredag 28. desember
## kl. 18.00




Festen er for heile familien etter gammal tradisjon,
med underholdning av musikkgruppe,
julefortelling for barn og voksne og sjølvsagt
gang rundt juletreet.
Borda i kjelleren vert dekka til fest med smørbrød, julebrød,
lefser, kringle for ei god matøkt og tid til ein god prat.
Kanskje når Nissen tilbake frå Nordpolen
med julegodt til dei minste?

Velkomne til ein hyggelig romjulskveld.

*Arr. Husstyret, Torskangerpoll Musikklag*



*Alltid stemning*

# Vredens Gnag

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 11 25. årgang Desember 2018

# Lovar ny og flott nyttårskonsert






**Laurdag 12. januar 2019 vil Torskangerpoll Musikklag spele inn det nye året med nyttårskonsert i Samfunnshallen på Tennebø.**
**Konserten startar klokka 17.00.**
Dirigent Lisbeth Helen Våge lovar ein spennande konsert med mykje variert musikk og mange dyktige solistar. Temaet denne gongen er «ei reise i musikk». Det blir eit variert program med mykje populærmusikk. Helga Rutledal Helgesen og Tiffany Huston blir med som gjestesolistar og skal framføre noko av det dei er glade i. I tillegg blir det fleire eigne solistar. Du kan kjøpe billettar på Samfunnshallen si heimeside. Set av denne laurdagen til ei triveleg musikalsk stund.



**Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle ei god jul og eit godt og spennande nytt år. Takk til alle som som har støtta oss og som har kome på konsertane våre. Håpar på eit godt og spennande samarbeid også i det nye året.**

**Tilbakeblikk 40 år, året 1978.**




Kontingenten dette året var 10 kroner. **Laur 7. jan** årsfest på Holviks Pensjonat kl 20.00 med svineribbe og julepølse, samt program med konkurranser, musikk og underholdning. **Fre 20. og laur 21. jan** speling på redningsbasar i Gravdal. **Ons 17. mai kl 07.00** salutt og prosesjon frå Oppedal til Vågsvåg i nye uniformer. Folketog kl 15.00 frå Grvdal til Vågsberget og tilbake til skulen. Tale av Johan Solvik og Sang av Vågsvåg sang- og musikklag. God oppslutning om arrangementet. Kl 22.00 arrangerte TPM dans i Gravdal med eit yrande liv fram til kl 02.30. Erling spelte gitar og Terje trekkspel. Servering i kjellaren. Desse deltok: Færestrand - Asbjørn, Bjarte, Audun, Alfred, Rune, Bent Henning (fane), Torskangerpoll – Arne, Sigrid, Inger Alise (ny), Per (ny), Audun, Oppedal – Helge, Bjørn. Våge – Kåre, Terje, Magnus, Steinar (ny), Jakob (ny), Asbjørn, Wåge – Erling, Johan. Haus Alice (ny), Breivik Kirsten Tobiasen (ny), Øvrelid Arne, Turid (duskeberar), Hamnaberg Per, Torheim Jorunn (duskeberar), Verpeide Arvid (flaggberar). **Laur 3. og søn 4. jun** musikkstevne på Breim i nydelig ver med buss og innkvartering på Gjesteheimen + hytter. Oppmarsj, konsert og fest i Breimshallen m/rømegraut og spekemat laurdag. Magnus Våge TPM fekk NMF si fortenestemedalje. Kyrkjekonsert («O, store Gud» og «Jeg vil synge»), oppmarsj og friluftskonsert («Blåklokker-tango» og «Grekeren») søndag. Lur 10. jun kostymeopptog på Måløydagane frå Turnhallen til Spiralen i dårleg ver med mini-Kannestein på traktor. Hadde stand vis avis Hendens butikk. Fre 24. jun Speling på sanitetsbasar i Gravdal. **Laur 25. jun** arrangerte TPM jonsokfeiring med bål ved skuleplassen. Leikar og underhaldning for dei minste og minikonsert. Dans på flake med musikk av Terje og Erling til kl 02.00. Mykje folk og god stemning gav pent overskot. **Søn 2. jul** sommarkonsert på skulen med tre avdelinger, kaffi og kaker. Søn 9. jul musikkgudsteneste på Selje Kloster i fint ver. Etterpå marsjering frå Vågen til Selje Hotell og lunch. **Laur 25. og søn 26. nov** basar i Gravdal med dårleg føre. To avdelinger laurdag og tre avdelinger søndag blei spelt og over 17.000 kr kom inn. **Søn 10. des** julekonsert med to avdelinger i Vågsvåg ilag med Måløy songlag og Vågsvåg sang- og musikklag. Godt frammøte. **Søn 17. des** julekonsert i kyrkja «O, du herlige», «O store Gud» og «Leise rieselt der Schnee». Man 1. juledag deltok på Gudsteneste i kyrkja. **Fre 29. des juletrefest i Gravdal.** Rune Færestrand var sekretær. JEW






**Det blei ein flott basar der mange stilte opp og støtta korpset.** Måløy sognlag og Holvik skulekorps underheldt i tillegg til Torskangerpoll musikklag

**Her er vinnarane på bøkene:**
Dukke m/kle: Ella Oksholen Nygård
Hardangerbestikk: Oddbjørg Færestrand
Bordlampe: Bjørg og Bjarne Våge
Pledd: Asbjørn Våge
Sparkesykkel: Ida Øvrelid
DAB-radio: Marianne og Johan
Koffert: Sara Nydal
Dyne og pute: Arthur S. Totland

**Vinnarar på samleboka:**
Strikkasokkar: Tor Åge Gravdal
Heklaservietter: Topsy
Fruktkorg: Geir Gravdal
Quality Street: Topsy
Gryte m/kluter: Topsy
HH-bag: Refsethrane
Kaffikasse: Sunniva Torskangerpoll
Eva Glass: Nicolas Svoren
Røykelaks: Tor Åge Gravdal
Ostekake: Oddbjørg Færestrand

